



Lindås Kommune v/Eigedom

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/551 - 18/12439

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

19.04.2018

## Løyve til arealoverføring - gbnr 108/188 Lindås

**Administrativt vedtak: Saknr: 173/18**

Heimelshavar:

Søkjjar:

Søknadstype:

Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.  
Søknad om dispensasjon, jf. plan- og bygningslova § 19-1.

### Saksutgreiing

#### Tiltak

Saka gjeld søknad arealoverføring av om lag 850 m<sup>2</sup> frå gbnr. 108/622 til gbnr 108/188.

Det vert elles vist til søknad motteken 20.02.2018.

#### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Dalane plan-id 1263-201509 er definert som gangveg.

#### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

#### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### Plassering

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan datert 20.02.2018.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



### **Tilkomst, avkøyrslø og parkering**

Det går fram av gjeldande reguleringsplan at arealet er avsett til gangveg. Avkøyrslø og parkering er difor ikkje relevant i denne saka.

### **Vurdering av pbl § 26-1**

Oppretting eller endring grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det føl vidare av pbl § 26-1 at oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomtar som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Arealet er allereie opparbeida og nyttast som gangveg, og er i samsvar med gjeldande plan. Det er ikkje søkt om endra status for dette arealet. Administrasjonen forutsett difor at plassering av gangveg i terrenget er vurdert i reguleringsprosesssa.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det er synt i situasjonsplan datert 20.02.2018.

### **Konklusjon**

Kommunen gjev løyve til arealoverføring av om lag 850 m<sup>2</sup> frå gbnr.108/622 til 108/188.

### **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring frå gbnr 108/622 av eit areal på om lag 850 m<sup>2</sup> til gbnr. 108/188 på følgjande vilkår:**

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 20.02.2018, jf. pbl. § 29-4.

**Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

*Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

**Oppmåling**

Saka vert oversend Geodata avdelinga. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkellova § 35.

**Til orientering**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Lindås Kommune v/Eigedom

Lindås Tomteselskap AS

Opplysningsvesenets Fond

Hagellia 4

Postboks 535

Sentrum

5914

0105

ISDALSTØ

OSLO